



Erfaringsrapport:

Areal ute av drift 2020-2021

Anne Aasmundsen og Knut Sindre Vale

Landbruksavdelinga 2022



Innhold

Innleiing	2
Bakgrunn og metode	3
Resultat.....	6
Erfaringar i prosjektet og vurdering av resultat	11
Vurdering av metode og resultat	13
Vidare – om satsinga etter 2021	17
Avsluttande..men ikkje i mål	18
Vedlegg 1: Resultat.....	21
Vedlegg 2: Prosjektskildring	22

Foto framside: Bildepar 1991-2021 syner opne areal i Tinn kommune, Oscar Puschmann

Innleiing

Klimakrisa og naturkrisa er vår tid si store globale utfordringar. FN sitt klimapanel og naturpanelet dokumenterer tilstanden, peiker på scenario og tiltak for å møte krisene. Arealbruk, forbruk og utslepp peikast på som faktorar som driv desse krisene. Dette rører også landbruket med både årsak og løysing. I dette står verdas matressursar på spel og er meir pressa enn nokon gong.

Noreg har løfta jordvernet ytterlegare i regjeringsplattforma, og eit samla Storting er einige om at nedbygging av jordbruksareal må ned på eit minimum. Vi må auke sjølvforsyninga for å møte folketalsutvikling i verda og tilpasse til klimaendringane. Det nye 3000 daa målet er sett som årleg jordvern mål for nedbygging av dyrka jord i perioden fram til 2025, og gir kommunane lite handlerom til å omdisponere verdifull matjord. Den dyrkbare jorda er areal som ikkje er fulldyrka, men som kan dyrkast opp til det. Den har verdi som beredskapsareal for matproduksjon og er del av dei nasjonale jordvernomsyna.

Fokuset på areal ute av drift er viktig del av jordvernarbeidet. Dei nasjonale føringane legge vekt på «landbruk over hele landet», og i eit framtidsbilete veit ein ikkje kor morgondagens areal for matproduksjon er best. «Rett produksjon på rett stad» er eit prinsipp for å få til god bruk av areala i eit ressurs og berekraftperspektiv. Ein må ha med seg at framtida ikkje slår fast kor «rett stad» er og ein må vere open for å flytte eller starte produksjonar på andre stader.

Jordbruksareala vi har i dag er bygd over lange tidslinjer. Det har tyding for mellom anna agronomi, kulturlandskap, busetting og biologisk mangfald. I det må ein difor ha med seg «eit føre-var» perspektiv, der god kunnskap om areala må ligge til grunn i dag og i morgon. Målet er å bruke jordbruksareala som finnast før ein dyrkar opp nytt. Driveplikt og god hevd på areala er difor viktig i eit slikt perspektiv. Areal som blir teken vare på til matproduksjon bidrar til auka sjølvforsyning, gir ein diversitet i arealtypar og natur som igjen gjer oss meir robust for ulike framtidsscenario.

I 2019 utvikla NIBIO (Norsk Institutt for Bioøkonomi) ei kartløyning som syner areal som kan være ute av ordinær jordbruksdrift for kommunane i Noreg. Denne er tilgjengeleg på KILDEN og syner status for kvart år sidan 2018. Data frå NIBIO vart grunnlaget for satsinga på areal ute av drift og prosjektet som starta opp i 2020.

Resultat frå prosjektet syner at meir areal er halden i hevd enn arealstatistikken frå NIBIO gir. I undersøkinga syner NIBIO sin statistikk frå 2019 at vel 11 % av jordbruksarealet i Vestfold og Telemark ikkje er i drift. Medan resultatet for 16 av 23 kommunar syner at det er nærmare 4 % som verken skjøttast eller driftast. Denne skilnaden kan mellom anna forklarast med at areal er halden i hevd utan at det verte søkt om produksjonstilskott. Nokre av desse areala har rett på stønad og ikkje søker, medan andre ikkje oppfyller krav til tilskott. I fjellkommunane er arealet for ein stor del innmarksbeiteareal og i mange tilfelle er mangel på beitedyr direkte orsak. Oppfølginga i prosjektet er likevel prioritert for dei areala som ikkje er skjøtta og er heilt ute av drift. Resultata syner at det er mellom 30 -50 000 daa som er heilt ute av drift i fylket og krev oppfølging i kommunane. Jordlova er likevel klar på krav til jordbruksdrift som gir oppfølging og ansvar for alt areal som ikkje er i tråd med lova. Meir om det i det vidare under kapittel «Resultat».

Bakgrunn og metode

Satsinga på areal ute av drift har hatt si hovudsatsing i 2021 med involvering av alle kommunar i fylket. Dette byggjer på førebuing og arbeid med pilotkommunar i 2019 og 2020. Arbeidet i 2021 har handla om metodisk opplæring og gjennomføring av registrering hjå kommunane, og bruk av resultat til analyse og arbeid med oppfølging av areal.

Målet med prosjektet har vore:

- Få meir kunnskap om areal ute av drift og følge opp driveplikta
 - Nytte arealstatistikk frå NIBIO. Klassifisere og «rydde» areal etter tilstand gjennom metode utvikla av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.
 - Målrette innsatsen på aktuelle areal for vidare oppfølging i kommunen
- Utarbeide verktøy og rettleiing for å få areal attende i drift
 - Støtte til kommunane



Figur 1: Fasar i prosjektet areal ute av drift

Pilotkommunar var Vinje, Seljord og Horten. Dei var med i dei innleiande fasane av prosjektet og gjennom heile prosjektperioden med utprøving av metode, justeringar undervegs og diskusjonar kring kriteria i arbeidet. Organisasjonane i landbruket vart kopla inn i tidleg fase og gav si tilslutning til arbeidet, saman med regional forvaltning, rådgivingstenesta og kommunane. NIBIO har vore ein viktig sparringspartner heile tida. Vi syner til prosjektskildringa (vedlagt) for milepelar og meir om skildring av satsinga på heimesida hjå Statsforvaltaren. <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestfold-og-telemark/landbruk-og-mat/jordvern/areal-ute-av-drift/>

Rapporten her legg til grunn at ein kjenner til regelverket og forvaltninga rundt landbruket, og kan såleis nytte resultat og vurderingar ut frå ei slik forståing.

Klassifisering og metode

I prosjektet har Statsforvaltaren utvikla ein metode for å klassifisere og «rydde» opp i kartbilete med utgangspunkt i NIBIO sin modell. Statsforvaltaren har satt opp ein eigen kartløyning der kommunane sjølv kan gå inn og sette status på dei ulike areala etter ulike klassar. Kartbilete som kjem fram i NIBIO si løysing detaljerer ikkje på kva for teig innanfor eigedomen som er utanfor drift, den syner til eit prosentvis anslag ute av drift for heile eigedomen. Den detaljerer heller ikkje på kva for tilstand arealet har, om det er heilt utanfor drift eller om det er midlertidig eller andre forklaringar. Det er òg eit augeblikksbilete og seier berre noko om tilstanden for det aktuelle søkeåret. Ut frå det må kommunen detaljere kartbilete ytterlegare for å målrette innsatsen ned på den einskilde teigen og på den einskilde eigedomen.

I prosjektet er det utvikla fire hovudklasser for å dele areal for vidare oppfølging. I tillegg er det tre tilleggsklasser som viser uavklart status, må endrast i AR5, og ikkje registrert (klasse X).








Tabell 1: Klassifiseringstabell utvikla i forprosjektet for vidare vurdering av areal (Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, 2019)

Klasse 1:	Klasse 2:	Klasse 3:	Klasse 4:
Areal i drift –rett på produksjonstilskott	Areal som er skjøtta, men ikkje har rett på produksjonstilskott	Areal ute av drift som bør vere i drift	Areal ute av drift som kan vurderast tatt varig ut av drift
Den delen som er i drift når eigedomen er klassifisert som ein eigedom med nokre areala ute av drift. Feilregistrerte areal i søknad om PT, evt. andre feilkjelder. Inkludert areal som har rett på produksjonstilskott, men ikkje søkt.	Areal som skjøttast, verte beitepussa, beitast med for lågt beitetrykk m.v. og dermed ikkje forringast og er i beredskap for framtidig drift.	Areal ikkje i drift og ikkje skjøtta, men er av ein kvalitet som tilseier at det burde ha vore i drift.	Areal ikkje i drift og ikkje skjøtta. Kvalitet og størrelse gjer det aktuelt å vurdere om arealet skal takast varig ut av drift (omklassifisering i AR5).
<i>Innanfor Jordlov</i>	<i>Innanfor Jordlov</i>	<i>Utanfor Jordlov</i>	<i>Utanfor Jordlov</i>
<i>Oppfyller PT</i>	<i>Oppfyller ikkje PT</i>	<i>Oppfyller ikkje PT</i>	<i>Oppfyller ikkje PT</i>

Gjennom prosjektet har kommunane brukt kartløyninga og synfart areal for å gje rett status. Kommunane har brukt ulike metodar for å kontrollere eit areal, enten med hjelp av flyfoto, synfaring i felt og kontakt med grunneigar.

Ut frå det er det nytta symbol i kartet (figur 2) for å markere denne statusen. Kommunane legg samstundes registreringane inn i ein eigenskapstabell for å ha oversyn over omfanget i dei ulike klassene.

Figur 2: Dei fire klassene frå tabell 1 gjort om i kartsymbol. I tillegg til tilleggsklassene

-  Areal i drift - berettiget produksjonstilskudd (klasse 1)
-  Areal som skjøttes, men ikke berettiget produksjonstilskudd (klasse 2)
-  Areal ute av drift som bør være i drift (klasse 3)
-  Areal ute av drift som kan vurderes tatt varig ut av drift (klasse 4)
-  Arealet er vurdert - har en annen eller usikker status (klasse 5)
-  Arealet er ikke vurdert (klasse X)
-  Må endres i AR5


Resultat

Etter eitt år med registrering i areal ute av drift har 16 kommunar så langt registrert nok areal for å hente ut gode data. Kommunane er *Bamble, Horten, Tønsberg, Nome, Midt-Telemark, Holmestrand, Sandefjord, Tokke, Hjartdal, Fyresdal, Nissedal, Tinn, Kviteseid, Seljord, Vinje og Larvik*. Status på registreringane til desse kommunane syner at det totale areal som er heilt ute av drift ligg på rundt 4 %, ein del lågare enn NIBIO sine utrekningar som syner 11,1 % for heile fylket i 2019. Analyser syner òg at større del av areal som er ute av drift er innmarksbeite jo lengre nord i fylket kommunane ligg. Det same gjeld storleiken på areal som ikkje er i drift, der areal over 25 daa aukar sårast i fylket (vedlegg 1– figur 1 og 2).

Ut frå registreringane kan vi anta at mellom 4 og 7 % av det totale jordbruksarealet er ute av drift i Vestfold og Telemark (mellom 30 000 og 50 000 dekar). Det er store skilnader frå kommune til kommune, men i hovudsak syner registreringar at areal som er ute av drift er lågare enn NIBIO sine utrekningar basert på mangel på søknad om produksjonstilskot eller landbrukstilknytning. Samstundes er det mellom 30 - 50 000 dekar jordbruksareal som ikkje er i drift ut frå kvalitetssikringane i kommunane, noko som må følgjast opp. NIBIO sine analyser gir ein god peikepinn på status i kommunane og når ein dykkar vidare ned i data blir dette eit verktøy som gir auka kunnskap om dei einskilde areala og eit betre oversyn over den samla arealtilstanden i kommunane og fylket.

I dette dokumentet blir det vist data frå dei 16 kommunane som har samla inn nok data til å analysere. Vi har òg valt å dele kommunane inn i 3 ulike område. Kystkommunar (Holmestrand, Horten, Tønsberg, Sandefjord, Larvik og Bamble), kommunar rundt indre Telemark (Midt-Telemark, Nome, Nissedal og Kviteseid) og fjellandbrukskommunar (Tokke, Hjartdal, Fyresdal, Tinn, Seljord og Vinje). Diagram 1 og tabell 2 gir oversyn over dei ulike klassene etter registrering i 16 av 23 kommunar.

Diagram 1: Fordeling av areal (dekar) på dei ulike klassene i 16 kommunar.




Tabell 2: Resultat for 16 kommunar, og delt inn i 3 regionar; kystkommunar, indre Telemark og fjellandbrukskommunar

Klasse	Data for 16 kommunar		Kystkommunar		Indre Telemark		Fjellandbrukskommunar	
	Dekar	Prosent av totalareal	Dekar	Prosent av totalareal	Dekar	Prosent av totalareal	Dekar	Prosent av totalareal
Areal klasse 1	25567	42	15091	51	3778	38	6698	32
Areal klasse 2	9688	16	2776	9	2245	23	4668	22
Areal klasse 3	7143	12	1887	6	979	10	4277	20
Areal klasse 4	3423	6	725	2	289	3	2408	12
Areal klasse 5	2004	3	992	3	466	5	547	3
Areal ikkje registrert	11632	19	7737	26	2070	21	1825	9
Areal må endrast i AR5	1065	2	450	2	108	1	507	2
Totalareal ute av drift frå NIBIO sine analysar	60522		29658		9935		20930	

Diagrammet under syner at dei ulike klassene er noko ulikt delt etter kommuneområde. Ein ser at fjellkommunane har ein jamnare fordeling på klassene 1-4, og dei syner i prosentvis høgare del for areal som er heilt ute av drift (klasse 3 og 4) samanlikna med dei andre kommuneområda. Ein ser og at desse areala er innmarksbeiteareal med lang avstand til driftssenteret for fleire av fjellkommunar (sjå vedlegg 1 – figur 3). Kommunane følger samstundes same trend der den høgaste delen er areal som er i drift eller skjøttast (klasse 1 og 2), og ein mindre del som er heilt ute av drift. Ein skal og merke seg at areal som ikkje er registeret framleis står som att med ein del i kvar kommune.

Diagram 2: Prosentfordeling på dei ulike klassene vist for alle og dei ulike kommuneområda



Tabell 3: Totalt areal som mogleg er ute av drift i dei kommunane som har registrert samanlikna med tal frå NIBIO. Delt inn i tre ulike regionar; kystkommunar, kommunar rundt indre Telemark og fjellandbrukskommunar

	Data for 16 kommunar		Kystkommunar		Indre Telemark		Fjellandbrukskommunar	
	Dekar	Prosent av totalareal	Dekar	Prosent av totalareal	Dekar	Prosent av totalareal	Dekar	Prosent av totalareal
Areal som kan vere ute av drift (klasse 3, 4, 5 og areal ikkje registrert)	24202	4	11341	2,7	3804	4	9057	10,7
NIBIO sine analysar for areal som kan vere ute av drift	58502*	9,8	29055*	7	11011*	11,6	18436*	21,8
Totalt jordbruksareal frå AR5	599531		420057		94761		84713	


*Arealtal kan fråvike litt frå tabell 2 da tal blir henta frå NIBIO i tabell 1 og egne utrekningar i tabell 3 kor areal delvis ute av drift er oppstykkja og berekna areal på.

Døme på registreringar i dei ulike klassene:

Klasse 1: Dette kan vere område som blir drifta, men der det ikkje verte søkt om produksjonstilskot. Bildet under syner små teigar (grøn stjerne) som ligg inne på jordet der det ikkje er søkt om produksjonstilskot, men der flyfoto tydeleg syner at arealet er i drift.




Klasse 2: Dette kan vere område som verte skjøtta, beitepussa eller beita med for lågt beitetrykk til å oppfylle krav til produksjonstilskotstøtte. Det kan og vere område for hestebeite og ferdigplen som ikkje har rett på produksjonstilskotstøtte.



Klasse 3: Dette er område som ikkje er i drift eller verte skjøtta på nokon måte og som burde vere i drift ut frå kommunen si vurdering. Kommunen kan her nytte vurderingskriteria som ei utsjekk på kvalitet.



Klasse 4: Dette er òg areal som ikkje er i drift av ulike grunnar. T.d. arealet syner tydeleg teikn på attgroing. Dette kan òg vere areal som er avsett til andre føremål enn LNF i kommuneplanen sin arealdel og vil gå ut av drift når reguleringsplan eller byggjesak er starta. Dette kan forklare tilstand, men arealet er ikkje friteken for driveplikt før arealet er bygd ned. Prosjektet har ikkje analysert om det er nokon samanheng mellom avsett føremål og drift på areala. Biletet under syner ulike område som er avsett til ulike formål.



Erfaringar i prosjektet og vurdering av resultat

Frå kommunar

Kommunane har vore heilt sentrale i dette arbeidet og det metodiske arbeidet med å klassifisere areal har vore naudsynt at er gjort av folk med landbrukskompetanse. Det er både statsfesta av Statsforvaltaren og kommunane sjølve at slik erfaring er viktig føresetnad. I klassifiseringa må den som registrerer både kjenne til AR5, produksjonstilskott, geografien og ha kunnskap om situasjonen på areala. Det å kjenne til det store bilete rundt landbruket og næringa er ein suksessfaktor for å jobbe ned på det einskilde areal og i møte med grunneigarar.

Kommunane har skildra arbeidet som tidkrevjande med både registrering og oppfølging. Men det metodiske arbeidet, med registrering i GIS-løysing har vore enkelt å take i bruk og ein har nytta både flyfoto og kontorkunnskap saman med synfaring i felt. I fleire kommunar (til dømes Seljord, Vinje, Fyresdal, Tokke, Tinn og Hjartdal) har kommunen synfart alle areala. Dette er gjort systematisk. Samstundes har kommunen vore i dialog med grunneigarar anten i felt eller via kontakt på førehand. Dette har gitt dei god inngong for dialog og oppfylging vidare. Dei har og erfart dette som positivt hjå eigar.

Gjennom dialogen undervegs med kommunane har det kome mange spørsmål om rett klassifisering på areala og korleis ein bør gå i gong. Her erfarte prosjektet at sidan arbeidet med å registrere er krevjande hjå kommunar anbefalte vi at dei laga seg ei prioriteringsliste ut frå eige kommunebilete. Nokre kommunar registrerte systematisk frå «nord til sør» medan andre tok utgangspunkt i grender, tettstadar, storleik på areala, kjennskap til samla problemstillingar i eit område mm. Gjennom møter fekk ein utveksla erfaring mellom kommunane.

Statsforvaltaren

Statsforvaltaren har i stor grad basert si vurdering på attendemelding og dialog med kommunane og dei som har nytta metoden. Andre var i denne samanhengen faglag, fylkeskommune andre statsforvaltarar og interesserte utanfor fylket. I tillegg har det vore dialog med NIBIO undervegs.

Samarbeid:

Statsforvaltaren innleia eit samarbeid med Statsforvaltaren i Troms og Finnmark som hadde gjennomført eit drivepliktsprosjekt. Her var det stor overføringsverdi og ein hadde tett dialog i oppstarten av satsingsåret. Mellom anna vart det utvikla brevmalar som kommunen kan nytte i si kontakt med grunneigarar og oppfylging av driveplikta på ulike stadium i prosessen. Desse malane kunne nyttast og tilpassast eige område, både på nynorsk og bokmål.

Det var gjennomført fleire møter med NIBIO før og undervegs i satsinga. Det har vore svært nyttig og gitt prosjektet mange gode vurderingar.

Samarbeidet med alle kommunane har gjennom møte og enkeltkontakt gitt prosjektet retning og vekt på viktige problemstillingar. Utan dette samarbeidet og tilrettelegging for møter ville ikkje prosjektet kome så langt.

Formidling:

Det var lagt vekt på at ein frå prosjektet skulle formidle og synleggjere prosjektet som ledd i at kommunane registrerte og tok kontakt med grunneigarar. Det vart laga nyheitsmeldingar hjå Statsforvaltaren undervegs på heimesider og som vart plukka opp i lokale media. I tillegg veit vi at fleire kommunar tok det inn i møter med næringa og formidla satsinga i eigen organisasjon. Samarbeidet med NIBIO sumaren 2021 om refotoprojekt fekk NRK til å lage ein sak og den fekk

merksemd både i radio og tv. Nedanfor er vist noko av formidlinga og samarbeidet som vart generert i prosjektåret.

<i>Refoto og landskapsdokumentasjon – oppdragsarbeid og formidling NIBIO og SFVT - 2021</i>
<i>Statsforvaltaren i Innlandet og Oslo Viken – presentasjon på kommunesamling 2021</i>
<i>Østlandsskogbruket – presentasjon av satsinga 2021</i>
<i>Folkemøte Tinn – informasjon om landbruksplan og areal ute av drift 2021</i>
<i>Vest-Telemarkrådet– innlegg om satsinga for Småbruksprosjektet 2021, Morgedal</i>
<i>Innlegg for landbruksdirektørsamling, Landbruks- og matdepartementet og Landbruksdirektoratet 2021</i>
<i>Orientering om satsinga for Riksrevisjonen 2021/22</i>
<i>Orientering i Arealnettverket for Statsforvaltarar 2022</i>
<i>Fleire møter og samlingar for kommunane i Vestfold og Telemark i 2020, 2021 og 2021</i>

Tid og økonomi:

Prosjektskildringa synte til ein framdriftsplan og ein organisering av arbeidet der timesbruk hjå statsforvaltar og kommunar var den største innsatsfaktoren. Det var tatt høgde for å kunne leige inn ekstern kompetanse der dette var i tråd med fjellandbruksordninga, men det var tidleg klart at kommunane sjølve måtte følgje opp arbeidet i eigen kommune. Det var i sum lagt inn om lag 600 timar fordelt på møter og statsforvaltaren sine oppgåver i prosjektet. I det var ikkje kommunen sin innsats lagt inn. Frå Statsforvaltaren har det vore to hovudressursar; prosjektleiar og teknisk leiar. Utanom desse har avdelinga nytta ulike interne fagressursar undervegs og i møte med kommunane. I sum har innsatsen frå Statsforvaltaren vore høg. Med erfaring frå Tinn, Fyresdal og Hjørdal var det om lag 200 timar i felt og registrering pr kommune. Her er kommunane og geografien ulik, men ein ser at registreringa var betydeleg. Ut frå det ser ein at timesbruken i kommunen og hjå statsforvaltaren var høg og høgare enn stipulert i budsjettet.

Vi er kjende med at nokon kommunar fekk leigd inn ekstern hjelp til kartlegging. To fjellkommunar fekk fjellandbruksstøtte for å gjere registrering med innleige av kompetanse som del av måla i fjellandbruksordninga og kunnskapsgrunnlaget i dette prosjektet. Pilotkommunar fekk kompensasjon for arbeidet i forprosjekt og uvurderleg hjelp i prosjektet. Det vart elles ikkje gjeven økonomisk støtte frå prosjektet til kommunar for å registrere utanom kommunane sine egne prioriteringar.

Totalt er det nytta 382 964 kr fordelt på pilotkommunar, innleigd registrering for Hjørdal og Fyresdal og landskapsdokumentasjon og refotografering av NIBIO.

Landskapsdokumentasjon og refotografering:

NIBIO var leigd inn for å følgje opp arealtilstand i Øvre Telemark gjennom refotografering. Arbeidet var ei oppfølging av fotodokumentasjon frå 1990 talet og refotografering var eit ledd i å dokumentere endringar gjennom kart og bilete. Det var både foto frå 1991 og refotografert i 2008 som grunnlag for fotopunkt i 2021, samt nokre nye punkt. Arbeidet var utført av landskapsgeograf Oskar Puschmann. Det var gjennomført i samarbeid med Statsforvaltaren og kommunane Notodden, Tinn, Seljord, Vinje og Tokke sumaren 2021. Arbeidet er ein biletdokumentasjon og eit formidlingsarbeid i samband med satsinga.

Vurdering av metode og resultat

Metode og kartgrunnlag

Metoden med å vurdere «dei grå prikkane» (klasse x) i kartet var for mange ei stor oppgåve. Det kom ulike forslag om å gruppere og take bort punkt. Dette vart vurdert, men ville gå på kostnad av nøyaktigheit og konsekvent oppfølging på enkeltareal. Ein valte difor å halde på at dei grå punkta vart knyta til einskilde teigar og skifte, og at vurderinga måtte gjerast på det nivået.

Arealstatistikken som låg til grunn for arbeidet er utarbeidd av NIBIO. Areal som ikkje søkjer om PT, saman med areal midlertidig ute av drift og areal utanfor landbrukseigedom utgjer gruppa «Areal ute av drift». I tillegg har SFVT teken bort areal mindre enn 0.5 daa. I dette prosjektet ser ein at det er grovmaske for om areala faktisk er i drift eller ikkje, og syner at meir av dette arealet er halden i hevd og skjøtta. Vurdering for om statistikkgrunnlaget er godt eigna har vore diskutert og NIBIO har delteke i desse vurderingane. For å jobbe fram ein metode som kan nyttast uavhengig av kommune må ein ha ein kunnskapskjelde som lett lar seg overføre, oppdatere og samanlikne. Ein vurderer at NIBIO sitt grunnlag er slik og kan lett nyttast for samanlikning. Dersom ein nyttar andre kjelder vil ein kunne miste denne uavhengige kunnskapen. Det er vurdert om bruken av satellittdata kan gi meir presise resultat om arealtilstanden. Det hevdast at det vil vere godt egna til gras, men ikkje for korn og dette prosjektet har ikkje nytta satellittdata.

Vurderingar og problemstillingar i registreringsarbeidet

I møte med kommunane var det mange nyttige diskusjonar, og fleire av tema var gjentakande rundt metode eller vurdering av tilstand. I arbeidet med å klassifisere må det nyttast skjønn og vurderingar frå ein person til ein annan kan vere ulik. I det kjem og viktigheita av at den som kartlegg har god erfaring med landbruksfeltet og kan nytte fagkjeldene på best måte. Likevel vil det kunne vere ulike vurderingar på same areal og det er sjølv sagt ein faktor som spelar inn på resultatata av dei ulike klassene. Gjennom møte og dialog men kommunane var det eit viktig mål å gjere desse vurderingane så like som moglege i kommunane. Det var og vektlagt det store målet med satsinga; nemleg å avdekke areal som er heilt ute av drift (klasse 3 og 4). Ei slik vurdering kan vere enklare enn å vurdere tilstand og grader av god eller dårleg drift på areal. Nedanfor har vi kommentert nokre av diskusjonane som oftast gjekk att:

- Kva gjer ein med «små lappar» inn mot veg?

Desse er typiske inn mot veg eller i byggjeområde og høyrer ikkje til ein landbrukseigedom sjølv om AR5 klassifiserer som jordbruksareal. Vi vart samde om nokre viktige prioriteringar:

- Målet med prosjektet er å prioritere etter ei naudsynt rekkefølge med det «viktigast» fyrst, ein må i dette vurdere kor mykje tid ein skal bruke på denne gruppa av areal opp mot andre
- Ein må heile tida vurdere om arealet har rett klassifisering i AR5 og ajourføre om naudsynt
- Statsforvaltaren gjorde og ei teknisk siling ved at areal ute av drift <0,5 daa vart teken bort frå GIS- løysinga. Her mista ein såleis areal som i sum kan bli mange dekar.

- Ute av drift – tilbake i drift

I tørkeåret 2018 vart meir areal dyrka opp og hausta samanlikna med «normal år». Kva som verte normalt framover er ikkje lett å seie, men i diskusjon med kommunen i dette prosjektet var det viktig å halde fokus på areal som tydeleg var ute av drift og i ferd med å gå ut som jordbruksareal pga. attgroingsstadium eller andre arealtilhøve over tid. I det vart kommunen anbefalt å sjå på tilstanden til arealet over fleire år og følgje opp dei areala som var ute av

drift fleire år på rad. Prosjektet hadde tilgang på både 2019 data og 2020 i GIS applikasjonen, saman med lokal kunnskap.

- Kantslått, attgroing og bondens mark


Eit vanleg bilete er dei kantslåtte areala inntil vegar. Der vegvesenet slår eit 3 meter breitt belte. Dei er ofte grensande til eit busk eller tresjikt inn mot grasareala. Dette belte av vegetasjon syner tydeleg teikn på manglande skjøtsel og attgroinga har kome lang fleire stader. Slike belte minskar utsikta frå vegane og gir eit inntrykk av at Noreg gror att. Kva som er orsaka til at desse belta ikkje verte skjøtta kan ha ulike forklaringar. Vi ser at fleire av belta har steingjerde og ligg som ei naturleg grense frå gammalt av. Medan andre ikkje blir tatt med i slåtten til bonden og ligg ubrukt. Her krevst auka fokus.



Bilete 1: Kantslått, Vinje. Begge foto: O. Puschmann,

- Store og mindre areal

Ei klassifisering som tek utgangspunkt i at dei største areala er viktigast kan ha mange konsekvensar. Ein ser det særleg i kystkommunar, i fjellbygdene og fleire areal innanfor dei beste klimasonene. Mange av kystområda våre er fragmenterte jordbruksareal mellom berg og skorter ut mot sjøen eller bygder. Desse kan være 1-3 daa i storleik, men ligg gjerne tett, godt arrondert og med veg som gjer dei lette å slå og hauste på. Dei utgjer ein verdifull og lokal fôrressurs samstundes som det held landskapet opent og variert. Å sjå slike mindre areal i ein større samanheng verte tydeleg i eit slikt bilete, og er eit godt døme på at mindre areal må sjåast over ein større skala for å få auka merksemd og fokus i oppfølginga.



Bilete 2: Grasteig i Kragerø. Kartet syner fleire areal på 1-2 dekar med kort tilgang frå veg. Foto: Aasmundsen

- Ikkje mangel på beiteareal – mangel på husdyr

For fleire av fjellkommunane er den største delen ute av drift innmarksbeiteareal og overflatedyrka areal. Kommunane peikar på mangel på beitedyr som orsak. Areala er vanskeleg å drifte på andre måtar enn med beitedyr. Der desse ikkje finnast går areala ut av produksjon. I mange område er desse beiteareala tett vevd saman med areal som verte skjøtta og hausta, og har betydelege kulturlandskapsverdiar i bygg, natur og landskap. I fleire bygder er det store skilnadar og i mange høve er det ein eigar som driftar store delar av grenda sine areal.



Bilete 3 og4: Beite og styving i Tokke. Begge foto: O. Puschmann

Nb! Ein ser og at detaljeringa i ØK kartverket i nokre tilfelle har verte ulikt overført til AR5. I satsinga har ein sett at innmarksbeite areal kring seter syner ulikskap mellom kommunane i om arealet er vidareført som innmarksbeite eller «anna fastmark». Dette har sjølvstyk tyding for registreringane i dette prosjektet der nokre kjem fram som ute av drift og nokre ikkje.

- Hindre at nye areal går ut av drift

For fleire av kommunane har det kome fram at dei prioriterer at fleire areal ikkje går ut av drift framfor å halde liv i «gamle». Gjennom ulike prosjekt i kommunane er det fokus på busetting og forvaltning av landbrukseigedomar. Mellom anna er «Småbruksprosjektet» i Vest Telemark eit døme på det.

- Leigeavtaler

Dersom ein ikkje kan drive arealet sjølv kan ein drive jorda ved bortleige. Både kommunane og grunneigarar vi var i kontakt med gjennom prosjektet syner til at leigeavtaler er viktig, men vanskeleg å fylgje opp. Regelverket er klart på at det skal ligge 10 års avtaler for leigejord og kommunen skal ha kopi av avtalen. Pris og vilkår kan regulerast frå avtale til avtale. I fleire eksempel seier både eigar og leigar at dei ikkje vil binde seg for 10 år, det opplevast som lenge i ei uforutsett tid. Andre peiker på at det er «leigars marknad» og ein difor har mange val utan å måtte binde seg. Dette bilete er riktig nok nyansert frå kommune til kommune. Og frå stad til stad. Andre stader er det underskott på areal til leige. Prosjektet sit likevel att med at fokuset og oppfølging av leigeavtaler ikkje får nok prioritet hjå kommunane. Brevmalane som vart utvikla og gjort tilgjengeleg for kommunar skal være eit verktøy for å gjere dette enklare å følgje opp. Det vart og peika på at 10 års avtaler bør endrast til 5 år, og dette innspelet er tatt med vidare. Oppfølging av jordleigeavtaler er eit

stort arbeid for kommunane. Det var peika på at oppfølging må gjerast gjennom kommunen si kontroll eller ved eigarskifte.

Om klassene 1-4:

- **Klasse 1 – areal i drift**

Klassa var nyttig for å rydde i kartpunkta. Desse areala var i drift og hadde rett på produksjonstilskott. Den var difor ikkje prioritert for oppfølging i dette prosjektet. Ein skal likevel merke seg at andelen areal som ikkje søker PT, men som er skjøtta og drive utgjer ei relativt stor gruppa, jf. resultatata. Det er ulike forklaringar på kvifor dei ikkje søker PT og det er verdt å merke seg nokre. Hjå fleire er arbeidet med «byråkrati» og papir ikkje verdt bryet mot pengane. Andre gløymer eller kjenner ikkje til regelverket. Med støtte frå landbruksordningane følger også krav til dokumentasjon og oppfølging.

- **Klasse 2- areal skjøtta:** Er det rett å godkjenne desse «som i drift» når det ikkje går føre seg vanleg jordbruksproduksjon?

Areal som verte beitepussa, skjøtta eller beita med for lågt beitetrykk følger ikkje opp krav til produksjonstilskott og er ikkje i tråd med krave til driveplikta i jordlova. Dei er likevel haldne opne og kan vere viktige beredskapsareal. Problemstillinga er kjend i kommunane. I dette prosjektet kor målet er å følgje opp areal ute av drift som står i fare for å forsvinne som jordbruksareal er dette hovudprioritert. I denne samanhengen vart klasse 3 og 4 fokusert og prioritert for oppfølging. Kor vidt klasse 2 areal kan vere i tråd med jordlova vil måtte takast inn i nye rundar og opp mot regelverket. Statsforvaltaren meiner at prosjektmetoden uansett vil vere god for å kunne rette innsatsen på desse areala i det vidare.

- **Klasse 3 – areal ute av drift:** areal ute av drift som bør attende i drift

Denne arealklassen er kjerne i prosjektet. Dette er areal som har gått ut av drift og som utgjer ein viktig og verdifull ressurs å ha i drift vidare. Det har derfor vore mål om at kommunen må prioritere desse areala fyrst i si oppfølging. Ei slik vurdering er både basert på fagkunnskap og skjønn hos den som registrerer. Det vart tidleg utarbeidd vurderingskriterium for hjelp i den faglege vurderinga. Det var og laga brevmalar for oppfølging av eigar og eigedomar.

- **Klasse 4 – areal ute av drift:** areal ute av drift som kan vurderast teken ut av drift

Ei slik klasse kan vere vanskeleg å nytte opp mot jordlova og krava til driveplikt. Målet med prosjektet har vore å få areal attende i drift og ikkje arbeide for at areal skal gå ut av drift. Ein ser likevel at denne klassa har vore nyttig der areala er vanskeleg å drive å få attende i drift. I eit klima- og berekraftsperspektiv er det viktig at desse areala kan nyttast med omsyn på lågast mogleg utslepp og berekraftig forvaltning vidare. Kommunane meinte det var ei vanskeleg klasse. Prosjektet erfarte ikkje at areala vart vurdert for oppfølging i denne klassa.

Vidare – om satsinga etter 2021

Året 2022 vart lagt inn som utvida satsingsår hjå Statsforvaltaren. Målet har vore å jobbe tettare på oppfølginga mot kommunane og kople arbeidet med pågåande satsingar, prosjekt og oppdrag både hjå Statsforvaltaren, regional forvaltning og i kommunane. Det er særleg sett opp to mål:

1. Samarbeid med NIBIO om mogleg nasjonal løysning
2. Oppfølging av klasse 3 og 4
 - a. Klasse 3 – Lovforvaltning – del av satsing på temabasert eigedomslovgjeving
 - b. Klasse 3 – RMP og verdifulle jordbrukslandskap
 - c. Klasse 3 - Andre tilskottsordningar – t.d. Fjellandbruk, SMIL m. fl.
 - d. Klasse 3 – Prosjekt eks. Marknadshagar, interkommunale prosjekt m.fl.
 - e. Klasse 4 – klimaarbeid og skogforvaltning- Kursserie «Bærekraftig arealbruk»
 - f. Klasse 3 og 4 – Strategidokument og planar t.d. Jordvernstrategi, klimaplanar, samfunnsplan hjå kommunane

Vidare oppfølging av dei einskilde areala og eigedomane vil vere det viktigaste vidare. Kommunane sitt daglege arbeid kring driveplikta kjem inn i mange saksområde og her kan verktøyet og kunnskapen kome til nytte. Arbeidet vil såleis være ein kontinuerleg prosess utan start eller mål, og det viktigaste framover vil vere å jobbe med areala inn i pågåande forvaltning og oppfølging. Korleis arealsituasjonen verte i fylket vil vere interessant å sjå med jamne utsjekksår og i kva grad ein kan legge «Areal ute av drift» til grunn for endringar.

Kommunane vil nytte kunnskapen vidare, men vi er usikre på i kor stor grad kommunane vil setje av tid til ei ny registrering om det ikkje leggast til ei større satsing eller kjem tydlegare fram i oppdragsbrev. Vi vil tru at kartapplikasjonen kan fungere i einskilde saker og konkret oppfølging av område og såleis ha stor verdi vidare. Gjennom diskusjon med kommunen har vi vektlagt nokre område å jobbe vidare på:

- Oversynet som kommunen sit med kan vere ei viktig liste for oppfølging og prioritering.
- Arbeidet kan og nyttast i dialog med faglag, kommune eller andre.
- Brevmalane kan nyttast for utsending til alle eller eit utval av eigarane ut frå prioritering.
 - o Vi anbefaler at kommunen nyttar prosjektresultata til å ta ei fyrste kontakt med alle eigarar der det er registrert «areal ute av drift» for å informere om driveplikta. Kommunen kan i det vidare gjere prioritering etter storleik, arealressurs, område eller anna for meir inngåande oppfølging.
- Arealbank som syner aktuelle areal til leige er og eit viktig verktøy – jordbank jf. Lyngen
- Bruk av kart i RMP og PT – presis informasjon
- Registrering som del av kommunen sitt ajourhald av AR5

Vidare arbeid med karttenesta:

NIBIO gjer nye analyser kvart år og vi ynskjer å lage eit dynamisk kartlag som følgjer NIBIO sine analyser. Eit forslag er at det leggast ut eit nytt punktdatasett som er oppdatert etter dei siste analysene. Det gamle punktdatasettet vil ligge tilgjengeleg som 2019 data, medan det nye datasettet vil vere for 2021. Alle registreringar vil bli tatt vare på, men i 2021 datasettet vil alle punkt som ikkje lengre er ute av drift bli tatt bort. Nye punkt vil òg leggast til der NIBIO sine analyser syner at arealet kan vere ute av drift.

I tillegg vil vi prøve å lage ei nedtrekklisse for val av orsak til status på arealet. I dag er dette berre eit ope tekstfelt og vanskeleg å systematisere. Det vil i første omgang bli både nedtrekksfelt og eige tekstfelt.

Avsluttande..men ikkje i mål

Satsinga har avdekt problemstillingar og gitt erfaringar som er viktig at verte notert for vidare oppfølging. Arbeidet hadde sitt utspring i fjellkommunane i Telemark i 2018 og med areal ute av drift som var høgare enn fylket sett under eitt. Arbeidet og prosjektet vart utvida som ei satsing for heile fylket i 2020- 2021. Arbeidet er på inga måte ferdig og ein kan sjå for seg vidare oppfølging på ulike nivå og gjennom problemstillingar som har kome gjennom satsinga. Dette er likevel ei statusoppdatering på kor satsinga er i dag og kva som peikar seg ut som viktig oppfølging i det vidare. Satsinga hadde som ein del av si forventing at det metodiske og oppfølginga kan førast vidare i ei større satsing utanfor Vestfold og Telemark. Vi har samla verdifull erfaring gjennom pilotfasen og i satsingsåret som grunnlag for dette. Gjennom dialog med NIBIO, andre statsforvaltarar og landbruksdirektoratet er det stor interesse for arbeidet og erfaringane. Det viktigaste er likevel her og nå; at areala følgast opp i kommunane i den daglege forvaltninga av lov- og arealsaker.

Prosjektet har gitt auka kunnskap om areala. Den syner og at meir areal er halden i hevd enn kva tala frå produksjonstilskottet syner. Det er likevel om lag 30 -50 000 daa som ikkje er i drift i fylket. Statsforvaltaren meiner det difor er naudsynt å få meir kunnskap om desse areala, følgje opp med tiltak og verkemiddel for å få areala attende i drift. Statsforvaltaren ser og at å følgje opp god jordbruksproduksjon i tråd med jordlova er aktuelt for klasser som haldast i hevd (klasse 2). Det er og avdekte areal som er ute av drift og kor kommunane ser at dei vanskeleg lar seg drive (klasse 4). Denne klassa bør få auka merksemd i tida framover sett saman med høve for auka sjølvberging og klimavenlege tiltak.

Satsinga har hatt fokus på å utarbeide ein metode for oppfølging. I satsingsåret har fokuset difor omhandla bruk og utvikling av metoden og oppfølging til kommunane. Målet har likevel vore oppfølging av driveplikta og arbeide med å få areal attende i drift som det overordna. Ein ser at prosjektet har rørt ved mange sider av arbeidet med oppfølging av jordbruksareal og ein kan ikkje slå fast ein løysning for alle kategoriar. Dette er og nyansar og geografisk tilhøve som må leggjast til grunn for oppfølging og vurdering av areal. Satsinga gir kommunane auka merksemd, fleire strategiar og kunnskap som kan nyttast i det daglege arbeidet med oppfølging av eigedomar. Hjå Statsforvaltaren og Regional forvaltning har ein fått auka kunnskap om tilstand og orsakar, dette er viktig del av vidare oppfølging og forvaltning. Problemstillingar er og teken vidare i møte med Landbruksdirektoratet og NIBIO. Kunnskapen om areala kan analyserast ytterlegare, det ligg svært mykje resultat som ikkje er bearbeidd vitenskapleg og det er fleire analysepunkt for areal som ein slik stor-skala registrering vil kunne gje meir informasjon om. Det er og understreka frå kommunar at satsinga har gjeven vekt på « å dra i lag» og auka merksemd på temaet i kvardagen knytt til lovsaker, forvaltning og kontroll.




Bilete 5: Åbøgrend i Åmot, Vinje. Biletepar 1991 og 2021 Foto: O. Puschmann

Vedlegg 1: Resultat


Figur 1: Resultat for andel innmarksbeiteareal ute av drift, fordelt på kommunar



Figur 2: Resultat for kommunane som har registrert. Syner fordeling av storleik på dyrka jord på dei ulike kommunane.



Figur 3: Resultat for avstand til driftssenter for areal ute av drift



Vedlegg 2: Prosjektskildring

Areal ute av drift

Prosjektskildring

Hovudprosjekt 2021

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark



Innhold

1 Mål og rammer	24
1.1 Bakgrunn	24
1.1.1 Forprosjekt – resultat	25
1.2 Prosjekt mål	27
2 Rammer	28
3 Organisering	29
4 Avgjersler og milepæl	29
5 Risikoanalyse og kvalitetssikring	29
6 Gjennomføring	30
6.1 Hovedaktivitetar	30
6.1.1 Synfaring i pilotkommunane	30
6.1.2 Utarbeide vurderingskriterie	30
6.1.3 Verktøykasse	31
6.1.4 Sette i gang arbeidet i kommunane	31
6.1.5 Oppfølging i kommunane	32
6.1.6 Rapport	32
6.2 Tidsplan	32
7 Økonomi	33
7.1 Budsjett	33
7.2 Finansiering	33
Vedlegg	34

Tekst: Anne Aasmundsen, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Vedlegg 1: Knut Sindre Vale, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Foto: Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

1 Mål og rammer

1.1 Bakgrunn

NIBIO har utvikla ei kartløyning som syner areal som kan være ute av ordinær jordbruksdrift for kommunane i Noreg. Denne er tilgjengeleg på KILDEN og syner status både for 2018 og 2019. Arealrekneskapen for fylka og landet i 2019 er vist i tabellen under (tabell 1). Den tek utgangspunkt i AR5 og ressursklassene fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Den ser desse areala saman med data over produksjonstilskot (PT), midlertidig areal ute av drift, ikkje utbetalt produksjonstilskot og areal utanfor landbrukseigedom. Dette gir eit utrekna areal pr fylke og kommune på kva som *kan* vere ute av drift. For Noreg sett under eitt syner tabellen til at 13.5 % jordbruksareal kan vere ute av drift. For Vestfold og Telemark syner det til 11.1 % av arealet i fylket.

Tabell 1: Arealklassene for dyrka mark etter AR5 og areal søkt i PT samanstilt med areal som er midlertidig ute av drift, ikkje er søkt i PT og utanfor landbrukseigedom. Visar sum for areal mogeleg ute av drift for landet og fylka i Noreg for 2019 (NIBIO, 2019).

Fnr	Fylke	AR5	Areal i søknader om produksjonstilskudd	Midlertidig ute av drift*	Ikke utbetalt produksjonstilskudd	Utenfor landbrukseigendom	Sum mulig ute av drift	Andel mulig ute av drift
Totalsum	Landet	11 334 760	9 867 870	68 610	1 168 169	298 721	1 535 500	13.5 %
3	Oslo	9 720	7 273	141	1 928	519	2 588	26.6 %
11	Rogaland	1 066 212	996 650	3 837	50 778	18 784	73 399	6.9 %
15	Møre og Romsdal	623 147	517 100	3 746	83 335	22 712	109 793	17.6 %
18	Nordland	749 946	549 715	4 160	148 747	51 484	204 391	27.3 %
30	Viken	2 192 665	2 033 438	15 064	133 636	25 591	174 291	7.9 %
34	Innlandet	2 213 216	2 006 279	13 602	177 844	29 093	220 539	10.0 %
38	Vestfold og Telemark	716 475	639 752	2 604	65 402	11 321	79 327	11.1 %
42	Agder	378 576	302 571	1 972	61 625	14 380	77 977	20.6 %
46	Vestland	1 038 882	826 159	6 698	166 889	45 834	219 421	21.1 %
50	Trøndelag	1 810 305	1 651 303	14 244	131 950	27 052	173 246	9.6 %
54	Troms og Finnmark	535 616	337 630	2 542	146 035	51 951	200 528	37.4 %
Totalsum		11 334 760	9 867 870	68 610	1 168 169	298 721	1 535 500	13.5 %

Fjellandbruksattsinga jobbar for å stimulere til auka utvikling og bruk av landbruket sine ressursar i fjellområda. I to periodar 2014-2016 og frå 2019 er det overført middel frå jordbruksoppgeret der Statsforvaltaren har forvalta midla i samarbeid med kommunane og næringa. Dei definerte fjellkommunane i Vestfold og Telemark er Tinn, Hjartdal, Seljord, Tokke, Fyresdal og Vinje. Midla skal styrke grunnlaget for berekraftig verdiskaping i fjellområda innanfor tradisjonelt landbruk, seterdrift og bygdenæringar. Ut frå det er arbeidet med å følgje opp areal som kan vere ute av drift eit viktig grunnlag i desse fjellkommunane. Ser ein på tala for kommunane i tabell 2 syner desse at alle fjellkommunane har ei høgare prosentvis del ute av drift pr kommune enn heile fylket under eitt. Det er òg tilfelle i låglandskommunar i fylket kor ein ser ein prosentvis høg andel i fleire by- og kystkommunar. Kunnskapen om kommunane er viktig for å vurdere desse tala. Vi veit at fleire små areal kan miste merksemd og oppfølging samstundes syner forprosjektet at det òg kan være større areal som ikkje er halden i hevd. Det er difor viktig at ein følgjer opp desse areala så vel i fjellkommunane som i låglandskommunane i fylket og får god kunnskap å byggje på.

Tabell 2 Arealklassene for dyrka mark etter AR5 og areal søkt i PT samanstilt med areal som er midlertidig ute av drift, ikkje er søkt i PT og utanfor landbrukseiendom. Viser sum for areal mogeleg ute av drift for kommunar i Vestfold og Telemark for 2019 (NIBIO, 2019).

Fnr	Fylke	knr	Kommune	AR5	Areal i søknader om produksjonstilskudd	Midlertidig ute av drift*	Ikke utbetalt produksjonstilskudd	Utenfor landbrukseiendom	Sum mulig ute av drift	Andel mulig ute av drift		
38	Vestfold og Telemark	3801	Horten	20 887	19 439	29	1 161	287	1 477	7.1 %		
		3802	Holmestrand	67 390	63 002	442	3 770	618	4 830	7.2 %		
		3803	Tønsberg	119 111	114 449	131	3 802	860	4 793	4.0 %		
		3804	Sandefjord	103 359	96 627	622	5 424	1 308	7 354	7.1 %		
		3805	Larvik	99 219	90 774	184	7 596	849	8 629	8.7 %		
		3806	Porsgrunn	8 310	5 800	9	2 188	322	2 519	30.3 %		
		3807	Skien	45 956	39 170	253	5 949	837	7 039	15.3 %		
		3808	Notodden	23 183	19 757	29	2 886	540	3 455	14.9 %		
		3811	Færder	13 153	11 315	52	1 298	540	1 890	14.4 %		
		3812	Siljan	7 094	6 262	75	662	170	907	12.8 %		
		3813	Bamble	9 231	7 217	12	1 811	203	2 026	21.9 %		
		3814	Kragerø	6 553	4 323	1	1 739	491	2 230	34.0 %		
		3815	Drangedal	13 483	10 760	8	2 202	521	2 731	20.3 %		
		3816	Nome	29 616	26 683	190	2 379	554	3 123	10.5 %		
		3817	Midt-Telemark	48 515	44 133	219	3 809	573	4 601	9.5 %		
		3818	Tinn	13 791	11 026	45	2 286	479	2 810	20.4 %		
		3819	Hjartdal	13 822	10 848	78	2 731	243	3 052	22.1 %		
		3820	Seljord	14 959	11 747	17	2 966	246	3 229	21.6 %		
		3821	Kviteseid	11 857	10 099	2	1 491	267	1 760	14.8 %		
		3822	Nissedal	5 089	3 613	51	1 268	208	1 527	30.0 %		
		3823	Fyresdal	8 961	7 347	43	1 228	386	1 657	18.5 %		
		3824	Tokke	13 238	11 018	56	1 940	280	2 276	17.2 %		
		3825	Vinje	19 698	14 343	57	4 816	539	5 412	27.5 %		
			Vestfold og Telemark Totalt			716 475	639 752	2 604	65 402	11 321	79 327	11.1 %

1.1.1 Forprosjekt – resultat

Kartbilette som kjem fram i NIBIO si løysing detaljerer ikkje på kva for teig innanfor eigedomen som er utanfor drift, den syner til eit prosentvis anslag ute av drift for heile eigedomen. Den detaljerer heller ikkje på kva for tilstand arealet har, om det er heilt utanfor drift eller om det er midlertidig eller andre forklaringar. Det er òg eit augeblikksbilette og seier berre noko om tilstanden for det aktuelle søkeåret. Ut frå det må kommunen detaljere kartbilette ytterlegare for å målrette innsatsen ned på den ein skilde teigen og på den ein skilde eigedomen. Her har Statsforvaltaren utvikla ein metode for å klassifisere og «rydde» opp i kartbilette med utgangspunkt i NIBIO sin modell. Sjå rettleiing vedlegg 1.

Gjennom 2019 og 2020 har Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark jobba fram ein metode for å følgje opp areal i kommunane som kjem fram som «ute av drift» i NIBIO si kartløyning. Dette har vore organisert som eit pilotarbeid (sjå vedlegg). Arbeidet har vore gjort i samarbeid med tre pilotkommunar; Vinje, Seljord og Horten. Resultata har gitt kommunane eit klassifiseringsverktøy for å følgje opp areal og er utgangspunktet for arbeidet i hovudprosjektet. Resultata av pilotarbeidet vert nå tatt inn i hovudprosjektet kor alle kommunane i Vestfold og Telemark verte involverte.

I samarbeid med pilotkommunane er det utvikla fire klasser for å dele areal for vidare oppfølging:

Klasse 1: Areal som er i drift, har krav på produksjonstilskot (PT) og oppfyller krava om driveplikt etter jordlova. At desse areala kjem fram som «ute av drift» kan skuldast at dei er markert innfor ein eigedom der noko areal er ute av drift. Desse areala kan og verte feilregistrerte, eigar kan ha gløymt å søkje PT eller andre feilkjelder som kommunen oppdagar ved registrering.

Klasse 2: Areal skjøtta og halden i hevd, men det er ikkje jordbruksproduksjon som gir rett til PT. Det vil seie det er ein form for skjøtsel gjennom beitepussing, beite eller anna bruk, men omfang og volum er for lågt for ordinær jordbruksproduksjon. Areala er viktige som beredskapsareal for matproduksjon.

Klasse 3: Areal som ikkje er i ordinær jordbruksdrift eller vert halden i hevd. Areala er etter gitte vurderingskriterier viktige å nytte i ordinær jordbruksdrift gjennom beite, fôrhausting eller direkte matproduksjon.

Klasse 4: Areala i denne klassa er areal ute av drift som syner seg vanskeleg å halde i hevd og som kan vurderast å ta ut av varig drift. Ei slik vurdering er samansett og krev fagleg utgreiing innan fleire fagområde. Driveplikta gjeld fram til arealet vert endra i ressursklassifiseringa i AR5. *Dersom driveplikta ikkje skal gjelde må grunneigar søkje og kommunen gjere vedtak om fritak.*


Tabell 3: Klassifiseringstabell utvikla i forprosjektet for vidare vurdering av areal (Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, 2019)

Klasse 1: Areal i drift –rett på produksjonstilskott	Klasse 2: Areal som er skjøtta, men ikkje har rett på produksjonstilskott	Klasse 3: Areal ute av drift som bør vere i drift	Klasse 4: Areal ute av drift som kan vurderast tatt varig ut av drift
Den delen som er i drift når eigedomen er klassifisert som ein eigedom med nokre areala ute av drift. Feilregistrerte areal i søknad om PT, evt. andre feilkjelder. Inkludert areal som har rett på produksjonstilskott, men ikkje søkt.	Areal som skjøttast, verte beitepussa, beitast med for lågt beitetrykk m.v. og dermed ikkje forringast og er i beredskap for framtidig drift.	Areal ikkje i drift og ikkje skjøtta, men er av ein kvalitet som tilseier at det burde ha vore i drift.	Areal ikkje i drift og ikkje skjøtta. Kvalitet og størrelse gjer det aktuelt å vurdere om arealet skal takast varig ut av drift (omklassifisering i AR5).
<i>Innanfor Jordlov</i>	<i>Innanfor Jordlov</i>	<i>Utanfor Jordlov</i>	<i>Utanfor Jordlov</i>
<i>Oppfyller PT</i>	<i>Oppfyller ikkje PT</i>	<i>Oppfyller ikkje PT</i>	<i>Oppfyller ikkje PT</i>


Gjennom pilotprosjektet har kommunane brukt kartløyisinga og synfart areal for å gje rett status. Ut frå det er det nytta symbol i kartet (figur 1) for å markere denne statusen. Kommunane legg samstundes registreringane inn i ein eigenskapstabell for å ha oversyn over omfanget i dei ulike klassene.




Figur 1: Dei fire klassene frå tabell 2 gjort om i kartsymbol. I tillegg er det nokre areal som krev ei anna oppfølging (gul, oransje eller blå markering)




Figur 1A: Før klassifisering. Raud markering syner at meir enn 50% av arealet ikkje er omsøkt PT på eigedomen. Mindre enn 50% vil syne rosa farge.



Figur 1B: Etter klassifisering. Grøn stjerne syner at arealet er i drift (klasse 1) og raud stjerne (klasse 4) syner at arealet ikkje er i drift og må vurderast for vidare drift.



Figur 2A: Før klassifisering. Skraverte areal syner at det ikkje er søkt PT på aktuell teig. Oransje areal er fulldyrka og overflatedyrka mark. Gule areal er innmarksbeite.



Figur 2B: Etter klassifisering. Grøne (klasse 2) og raude (klasse 3) symbol syner kva for oppfølging kommunen skal ha. Gule areal er uavklart og kommunen må gjere meir undersøkingar av arealet før endeleg klasse setjast.

1.2 Prosjekt mål

Hovudmålet er å få kunnskap om areala som kan vere ute av drift og lage eit verktøy for oppfølging av desse for alle kommunane i Vestfold og Telemark. Det er òg eit mål at metoden for arbeidet kan nyttast utanfor Vestfold og Telemark fylke og vere eit prosjekt for å følgje opp NIBIO si kartløyising.

Prosjektet vil gje rett status på aktuelle areal ute av drift og gje kommunane ei «verktøykasse» for å rettleie og vurdere vidare oppfølging for desse areala. Etter prosjektperioden må kommunane jobbe vidare med dei einseidige areala og oppfølging av desse. Det er derfor sett delmål:

- bruke **klassifiseringsmetoden** (tabell 3) utvikla i forprosjektet i alle kommunane i Vestfold og Telemark i 2021
- Utarbeide **vurderingskriterie** for å definere areal som bør attende i drift eller kan takast ut av varig drift

- Utarbeide eit sett med råd for oppfølging av areal som bør takast inn i ordinær drift, kalla **verktøykasse**

2 Rammer

Statsforvaltaren har følgd opp forventingar knytt til Jordlovas § 8 om driveplikt på jordbruksareal samt FNs berekraftsmål om god arealbruk, mattryggleik og sjølvberging. Særleg Berekraftsmål 2 - Utrydde sult og Mål 15 - Liv på land er sentrale for prosjektet, men både mål 11, 12, 13 og 17 vil verke inn i dei heilskaplege vurderingane. Klimaplan 2021-2030 (Meld. St. 13 (2020-2021)) legg vekt på god arealbruk med å oppretthalde eksisterande dyrka mark og beitemark i drift i heile landet. Det sjåast i samband med nedbygging av dyrka mark og forbodet mot dyrking av myr, og der skogsareala kan få auka press. Det er gitt tilslutning frå faglaga og næringa til arbeidet, og dei er ein viktig del av prosjektet. Prosjektet byggjer på kontakt med NIBIO i forprosjektet og legg opp til møter og kontakt med NIBIO idet vidare. Hovudprosjektet er planlagt for 2021, med avsluttande rapport siste del av 2021.



Bilde 1. FNs berekraftsmål legg grunnlaget for mål og rammer i prosjektet. Kjelde: Regjeringen.no

Prosjektet vil nytte eigne fagressursar så langt mogeleg, men det er òg naudsynt at det koplast inn eksterne både i høve til breie vurderingar kring oppfølging av areal ute av drift og ressursar til å gjennomføre rådgjeving hjå kommunane. Prosjektet er kostnadsrekna til 700 000 kr. Det omfattar eigeninnsats i timebruk og innkjøp av ekstern rådgjeving og teneste. Prosjektet er synt i gjennomføringsplan og syner tett aktivitet gjennom heile 2021 med avsluttande rapport for arbeidet. Prosjektmiddel frå Fjellandbrukssatsinga del 1 er sett av til å finansiere prosjektet, og inntil 100 000 kr er allereie utbetalt i forprosjektet til dei to Fjellandbrukskommunane Seljord og Vinje. Resterande 400 000 kr vil gå inn i finansiering og kjøp av eksterne teneste i prosjektet, særleg til oppfølging av kommunane etter prosjektperioden. Eigenfinansiering vil vere prosjektgruppa og referansegruppa sitt arbeid inn i prosjektet.

3 Organisering

Rolle	Namn
Prosjektgruppe	
Prosjekteigar	SFVT v/Helge Nymoen
Prosjektleiar	Anne Aasmundsen
Teknisk leiar	Knut Sindre Vale
Prosjektstøtte	Marita Bruun
Prosjektstøtte	Jon Randby
Pilotkommune Vinje	Thor Christiansen
Pilotkommune Seljord	Knut Olav Heddejord
Pilotkommune Horten	Rolf Magne Vindenes
Fagressursgruppe	
Miljøavdeling	Bio.mangf., klima, plan
Landbruksavdeling	Skog, næring, jordbruk, jus
Beredskapsavdeling	
Referansegruppe	
NIBIO	
Bonde- og Småbrukarlaget	Vestfold – Audun Tvedten Telemark – Sondre Aasan
Bondelaget	Vestfold – Elin Røed Telemark – Jan Thorsen
NLR	Østafjells: Magne Heddan Viken: Kjetil Gran Bergsholm
Fylkeskommunen	Klima, landbruk

4 Avgjersler og milepelar

Sjå tid- og oppgåveplan, vedlegg 1.

5 Risikoanalyse og kvalitetssikring

- Registrering av areal i kommunane – kommunane må sjølv gå gjennom areal både i kartverktøyet og eventuelt kartlegging i felt. Det må vurderast kva for verdiklasse, 1-4, som er rett å nytte. Det bygger igjen på at AR5 er ajourført og rett arealressurs kjem fram i kartet. Det er ein risiko at kommunane ikkje gjer registreringane eller berre delvis går gjennom kommunen sine areal. Årsak kan mellom anna vere ressurs spørsmål. Ein vurderer at det arbeidet er eit naudsynt grunnlag før ein kan jobbe med einskilde areal og oppfølging av desse. Det er og viktig for å få det heile bilete på fylke sine areal ute av drift som Statsforvaltaren vil nytte i si rapportering av prosjektet. Statsforvaltaren må difor utarbeide gode arbeidsmalar og oppfølging av kommunane. Det må setjast milepelar og fristar for gjennomføring av registrering. Det er kommunen som har ansvar for registreringa.
- Utarbeide vurderingskriterie – prosjektet er avhengig av at det verte utarbeidd vurderingskriterie for areal som er ute av drift (klasse 3 og 4). Det er krevjande for

kommunen å følgje opp desse areala og kommunane har trong for eit gjennomarbeidd og nøytralt sett for vurdering av areal som ikkje verte halden i hevd. Dersom kriteria ikkje verte utarbeidd er det vanskeleg for kommunane å gjere objektive og effektive vurderingar i si registrering. Dersom dette ikkje lukkast vil dei einskilde areala ikkje kunne oppnå ei standardisert vurdering. Statsforvaltaren har eit ansvar om å samle ei gruppe med fagleg breidde i dette arbeidet, kalla *fagressursgruppe* for å arbeide med desse kriteria.

- Verktøykasse – For dei areala som er raude (klasse 3) og som etter vurderingskriteria bør vere i ordinær jordbruksdrift, må ein utarbeide god rettleiing for kommune og grunneigar. Verktøykassa vil vere eit sett med ulike reiskapar som kommunen kan nytte i arbeidet. Dersom ein ikkje får utarbeidd desse verktøya vil ein ikkje nå hovudmålet om gje kommunane reiskapar til å følgje opp areal som bør tilbake i ordinær drift. Statsforvaltaren har her eit ansvar for å samle ei referansegruppe som saman finn dei beste verktøya.
- I NIBIO si kartløyising visast ikkje jordbruksareal mindre enn 10 daa som ute av drift. Ein kan da risikere at det er område med fleire einskilde areal under 10 daa og i sum kan det verte store areal ute av drift som ikkje kjem fram i registreringa. Dette er ei risiko ved kartløyisinga og ikkje ved kommunane si registrering.

6 Gjennomføring

6.1 Hovudaktivitetar

Oppgåver	Dato - frist	Ansvar
Synfaring pilotkommunar		Pilotkommunar
Utarbeide vurderingskriterie	Veke 12	SFVT
Lage "verktøykasse" for oppfølging på eigedom	Veke 21	SFVT
Sette i gong arbeidet i kommunane	Veke 16/17	SFVT
Følgje opp kommunane si registrering		SFVT, rådgiving
Rapport	Veke 52	SFVT

6.1.1 Synfaring i pilotkommunane

Arbeidet med registrering og oppfølging av areal i pilotkommunane vil gå parallelt inn i hovudprosjektet. Lang vinter i fjellkommunane gjer feltarbeidet noko avgrensa og vil naturleg måtte takast når terrenget er bart. For pilotkommunane Vinje og Seljord er det likevel registrert svært mykje og mindre areal står att. Horten har registeret sitt areal.

6.1.2 Utarbeide vurderingskriterie

Ut frå klassifiseringsmetoden vil ein kunne avdekke «raude» areal i klasse 3 «Areal ute av drift som bør være i drift» og klasse 4 «Areal ute av drift som kan vurderast tatt varig ut av drift». Desse areala krev oppfølging og eit breitt vurderingssett som kommunen kan bruke i sitt arbeid med på følgje opp driveplikta jf. jordlova. Pilotkommunane har i sine registreringar starta denne vurderinga.

Vurderingskriteria vil være ein kvalitetssjekk som kan nyttast på «raude» areal. Dei skal utarbeidast med brei fagleg tilnærming og være metode for å vurdere areal for vidare drift eller omklassifisering og fritak for driveplikta. Alternativ bruk vil og vere del av vurderinga. Ulike råd i ulike kommunar vil kunne leggast til grunn.

Vurderingskriteria må innehalde ei tverrfagleg og gjennomarbeidd sjekklister der både omsyn til landbrukseigedommen, ressursgrunnlaget i kommunen og verdiar for omgjevnadane må vurderast inn. Det vil innehalde vurderingar for mellom anna:

- Kulturlandskap med biologiske og kulturhistoriske verdiar
- Klima og CO₂-binding
- Geografi og lokalisering
- Eigedomsforhold og ressursgrunnlag
- Driftsform (husdyrhald og produksjonsform)
- Arealplan og andre signal
- Andre høve

Prosjektet skal sette ned ei tverrfagleg gruppe som skal utarbeide desse kriteria. Gruppa skal medverke frå Statsforvaltaren sine eigne fagressursar på landbruk, beredskap og miljø. Det skal òg vurderast om andre utanfor organisasjonen bør delta med faglege vurderingar.

6.1.3 Verktøykasse

Det er ulike grunnar til at areal ikkje verte følgt opp eller halden i hevd. Det er grunneigars ansvar å følge opp jordlovas føresegner om driveplikt og det er kommunen sitt ansvar å følgje opp der desse ikkje verte overhaldt. I nokre tilfelle er det kunnskap og ein medveten haldning hjå grunneigar som er orsak og løysing, andre gonger er det eit ressurs spørsmål, rettleiingss spørsmål eller økonomi spørsmål. Kva som er orsak og kva for oppfølging som er rett vil variere mellom areala.

I hovudprosjektet skal det lagast ei verktøykasse som kommunane kan nytte i arbeidet med dei areala som er raude (klasse 3 og 4) og som etter vurderingskriteria bør vere i ordinær jordbruksdrift. Verktøykassa vil vere eit sett med ulike reiskap som kommunen kan nytte i arbeidet.

Prosjektet skal sette ned ei tverrfagleg gruppe som skal utarbeide desse kriteria. Gruppa skal medverke frå Statsforvaltaren, saman med næringsorganisasjonane i landbruket, rådgjevingstenesta, fylkeskommunen og NIBIO. Det skal og vurderast om andre utanfor organisasjonen bør delta med faglege vurderingar.

6.1.4 Sette i gong arbeidet i kommunane

Hovudmålet i prosjektet er å nytte klassifiseringa i alle kommunane og sikre oppfølging av areala i kvar kommune. Arbeidet med vurderingskriteria og verktøykassa er såleis viktige delmål, og milepelar i seg sjølv. Arbeidet i kvar kommune vert å nytte klassifisering på NIBIO si kartløyning, gjere vurderingar og følgje opp areala og grunneigarane.

Fagsamling

Kommunane i Vestfold og Telemark skal inviterast til ei oppstartssamling for dette arbeidet. Her vil ein gå igjennom formål, gjennomføring og metode for areal ute av drift. Ein vil bruke samlinga som ein møteplass for å setje tema «areal ute av drift» i ein større samanheng. Dette planleggjast som ei digital samling.

Registrering i kommunane

Statsforvaltaren vil følgje opp den digitale samlinga med arbeidsseminar rundt i fylket. Det planleggjast inntil 5 regionale heildags seminar kor ein samlar 3-5 kommunar kvar gong. Her vil ein jobbe med metoden og kommunane vil få hjelp til å kome i gong med registreringa. Kommunane vil få oppfølging og sette milepelar for si registrering. Ein vil og vurdere synfaring i felt som del av dei regionale samlingane. Samlingane kan òg gjennomførast elektronisk.

Endringsanalyse

Statsforvaltaren har engasjert masterstudent frå USN innan Studieretning matematikk, naturfag og miljøfag ved Campus Bø. Studenten ser på endringar i eit utvald kulturlandskap i Hjartdal og Svartdal for perioden 1995-2019 knytt til areal, arealtype og vegetasjon. Ein legg særleg vekt på endringar frå jordbruksareal til anna areal (skogareal, fastmark og myr), anna areal til jordbruksareal og endringar innan jordbruksareal. Det nyttast flybilete, økonomiske kart og AR5 saman med GIS til analyser og resultatarbeid. Arbeidet nyttast som kunnskap i prosjektet «Areal ute av drift» og resultatane av masteroppgåva vil kunne syne kva for endringar og kor endringane skjer innanfor eit større jordbruksområde over tid. Det vil òg gjerast meir detaljerte studiar på utvalde eigedomar med arealdata attende til 1976/77, beitestatistikk og intervjueteknikk. Studiar på gardsnivå vil og vere nyttig når ein skal jobbe med verktøykassa og gje råd om oppfølging av areal.

6.1.5 Oppfølging i kommunane

Kommunane si registrering skal markerast i kart og leggest inn i tabell pr kommune. Desse data skal nyttast inn i Statsforvaltaren sitt arbeid med å dokumentere status på «areal ute av drift» og kva tilstand dei har.

Når kommunane har gjort registreringa og vurdert kva slags verdiklasse (1-4) areala høyrer til, vil arbeidet med oppfølging og vurdering kome. Ein ser for seg at kommunane i nokre tilfelle vil ha trong for vurdering og samråd. Prosjektet vil i ein overgang kunne nytte ha nytte av ekstern rådgiving for dette arbeidet og prosjektet ser på korleis dette kan gjennomførast.

6.1.6 Rapport

Statsforvaltaren vil utarbeide ein rapport om hovudfunn i kommunane, gjennomføring og erfaring frå prosjektet. Denne rapporten vil ikkje ta for seg dei einskilde teigar og areal med vurdering og råd for desse. Dette må kommunane jobbe med undervegs og vidare etter prosjektperioden.

Rapporten vil ta for seg metoden for å gje rett klassifisering på areal ute av drift, som vart utarbeida i forprosjektet. Den vil syne vurderingskriteria for areal i klasse 3 og 4 som vart utarbeida i hovudprosjektet. Den vil og ta for seg verktøykassa og kva for oppfølging areal som er ute av drift bør få. Den vil og seie noko om omfanget av areal ute av drift for fylket og kommunane, der ein samanliknar NIBIO sine resultat i kart og kommunane sine registreringar av desse.

6.2 Tidsplan

Sjå detaljert plan vedlegg 2

7 Økonomi

7.1 Budsjett

Oppgave	Budsjett, kr	Omfang, ca timar	Grunnlag
Synfaring og oppfølging frå pilotkommunar	50000	70	Avsluttande synfaring og deltaking i prosjektgruppe. 3 kommunar
Utarbeide vurderingskriterie – møter og rapport	30000	40	timebruk prosjektgruppe og fagressursgruppe, møter og sjekklister
Lage "verktøykasse" for oppfølging på eigedom	60000	80	timebruk referansegruppe, prosjektgruppe og fagressursgruppe. Utarbeide verktøykasse
Gjennomføre fagsamling - elektronisk møte	20000	30	Innleige innleiar, timebruk prosjektgruppe
Registrering i regionar – 5 fysiske samlingar	85000	110	Prosjektgruppe a 2 pers, 50 t. Heildags + førebuing
Masteroppgåve Hjartdal/Svartdal	15000		jf. kontrakt
Manuell beiterregistrering Hjartdal/Svartdal	10000	14	2 dagar, kompensasjon kommune/innleige
Rådgiving til kommunar - NLR m.fl.	200000		oppfølging av 23 kommunar
Rådgiving i prosjekt - NLR m.fl.	30000		
Rapport og prosjektoppfølgning	200000	260	For prosjektgruppe og prosjektleders arbeid med rapport
Sum	700000	604	i tillegg kjem rådgiving til prosjektet

Timesatsen er sett til 750 kr/t

7.2 Finansiering

Finansieringsplan	
Eigeninnsats	300 000
Fjellandbruksmiddel	400 000
Sum	700 000

*Fjellandbruksmiddel vi nyttast til eksterne utgifter i prosjektet

Vedlegg

Rettleier for bruk av kartteneste

Karttenesten med areal som kan være ute av drift inneheld desse data:

- [Areal som kan vere ute av drift utregnet av NIBIO](#) (med tal frå 2019. Tal frå 2018 er tilgjengeleg)
- AR5 – jordbruksareal
- Eigedomsgrenser
- Flyfoto/vanleg bakgrunnskart

Karttenesta er bygd opp med ein sveipefunksjon slik at ein kan sveipe bort areal ute av drift for å sjå flyfoto i bakgrunnen.



Areal som kan vere ute av drift er fordelt i 4 kategoriar der kvar kategori er delt på maskinelt haustbart jordbruksareal og innmarksbeite.


1. Heile landbrukseiendomar
2. Areal utanfor landbrukseiendomar
3. Uavklart areal som ikkje er knyt til ein eigedom
4. Del av landbrukseiendom
 - 25-49% mogleg ute av drift
 - 50-74% mogleg ute av drift
 - 75-99% mogleg ute av drift



Registrering av status for areal.

Statsforvaltaren har lagt opp til at den einskilde kommunen kan registrere status på kvart enkelt areal som kan vere ute av drift







For best mogleg statistikk i ettertid er det viktig at kvart enkelt areal får ein status. I kartbilete under har dei fleste areal fått ein status, men nokre areal i blå ring manglar status.



I kartet skal det registrerast punkt for kvart område som kan vere ute av drift.

- Vel område i kartet
- Trykk på redigeringsknappen oppe i høgre hjørne
- Vel status og trykk i kartet
- Legg til merknader, dato og namn på registrator.
- Trykk så lagre.

For val av status er det 4 klassar, sjå òg prosjektbeskriving for nærare informasjon om dei ulike klassane. I tillegg er det mogleg å velje 'uavklart' ved usikkerheit og 'må endrast i AR5' der ein veit at arealet kan endrast

-  Klasse 1: Areal i drift - berettiget produksjonstilskudd
-  Klasse 2: Areal som skjøttes, men ikke berettiget produksjonstilskudd
-  Klasse 3: Ute av drift som bør være i drift
-  Klasse 4: Areal ute av drift som kan vurderes tatt varig ut av drift
-  Uavklart
-  Må endres i AR5

